



Husnes Jazzklubb er ikkje meir lokalpatriotisk enn at dei gjerne held konsertane sine på Dønhaug i Uskedalen. I kveld skjedde det igjen, då den nystarta trioen Adjustments serverte stemningsfull jazz etter å ha hamna her i bygda ved ein rein tilfeldigheit. Eigentleg skulle dei ha vore ein heilt annan stad! Frammøtet var ikkje så mykje å skryta av, men musikarane trivdes og tykte det var eit triveleg lokale.



Svein Folkvord er også dyktig låtskrivar

Primus motor i klubben, Jarle Mehamar svarta slik då uskedalen.no bad om ei grunngjeving av flyttinga frå Husnes og hit:

- Det er fleire gode argument for å satsa på Dønhaug og Uskedalen. Uskedalen ligg midt i kommunen og Dønhaugkjeldaren er veilegna for slike arrangement som dette.

Magne Huglen er dessutan ein god samarbeidspartnar.

- Men det er berre 20 fram møtte her. ikveld
- Jau, men det er slett ikkje sikkert at det hadde møtt fleire på Husnes! Dette er vårt andre arrangement på Dønhaug - det fyrste var med Berven og Grytten ifjor og det neste vert med ein dansk kvartett i november.

Adjustments var også ei positiv oppleving. Trioen består av gitarist Nils-Olav Johansen som er frå Bjugn men bur i Trondheim, basist Svein Folkvord som bur i Stavanger og trommis Stein som også har bupel i oljebyen. Folkvord hadde ansvaret for mange av dei låtane som trioan serverte ikveld - ikkje minst dei med eit stemningsfullt preg.

Johansen er profesjonell og stadig på farten rundt i Europa. Han er mest kjent for soloplaten My Deal som han slapp i 2003. men vert også rost for solistrolla i Farmers Market og Transjoik.

Dei få som kom hadde ein fin kveld med sivilisert jazz.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen





Stein Inge Brækhus trakterar trommene